



Identiske brev går til:

Dalane Friluftsråd, Postboks 379, 4379 Egersund  
Ryfylke Friluftsråd, Jåttåvågen 36, 4020 Stavanger  
Friluftsrådet Vest, Postboks 63, 5575 Aksdal  
Bergen og Omland Friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 Bergen

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Godkjenning av årsrapport for 2014 og overføring av tilskot til Vestkystparken 2015 - fordeling av det statlege tilskotet til driftseiningane

Me viser til brev, mottatt 01.02.2015, frå Rogaland fylkeskommune som sekretariat for Vestkystparken. I brevet vert det søkt om driftsmiddel til Vestkystparken for 2015. Gjeldande handlingsplan for Vestkystparken (2011-2015), samt reknskap og budsjett var vedlagt søknaden. I tillegg har me mottatt samarbeidsavtale, samt årsmeldingar for 2014 frå alle driftseiningane som inngår i Vestkystparken. Fylkesmannen godkjenner med dette rapporten, og ser at krava til søknad om driftsmiddel er oppfylte.

Fylkesmannen i Rogaland har ansvar for overføring av det statlege tilskotet til aktuelle friluftsråd i Vestkystparken for 2015. Det totale beløpet er i år på kr 3 340 000,-. Av dette skal kr 3 325.000,- fordelast på driftseiningane. Fylkesmannen vil betala ut det statlege tilskotet i ei utbetaling, fordelt til kvar av friluftsråda og i samsvar med styremøte i Vestkystparken, seinast som sak 03/2015 den 09.04.2014.

Det er laga ein fordelingsmodell der driftstilskota vert prosentvis delt etter følgjande kriterium: folketal, talet på friluftsområde (delt på område som vert drifta frå sjø og område som vert drifta frå både sjø og land) og budsjett for Skjergardstenesta.

Fordelingsmodellen, som vart lagt fram, og samrøystes vedteken på styremøtet den 09.04.2014, ligg til grunn for Fylkesmannen si utbetaling av det statlege tilskotet.

Følgjande summar vil verta utbetalte med det første:

Bergen og omland friluftsråd:	1 565 026,-
Friluftsrådet Vest:	650 505,-
Ryfylke friluftsråd:	1 012 577,-
Dalane friluftsråd:	96 892,-
<b>Sum:</b>	<b>3 325 000,-</b>

### Statlege tilskot 2016

For utbetaling av det statlege tilskotet til driftseiningane for 2015, må søknaden innehalda ein årsplan/driftsplan og eit budsjett som viser både utgiftssida og kva for beløp dei einskilde driftsaktørane bidreg med. Det vert også, som tidlegare år, stilt krav om rapportering for 2015 gjennom årsrapport og rekneskap.

### Samarbeid lokalt Statens naturoppsyn

Som tidlegare år, er vilkåra for utbetaling av det statlege driftstilskotet, at naturoppsynsoppgåver vert konkret følgt opp i samråd med lokalt personell i Statens naturoppsyn (SNO). SNO ønskjer å formalisera og styrkja samarbeidet med Skjergardstenesta gjennom regionale ansvarlege kontaktpersonar og meir formaliserte årshjul for samarbeid.

Me set vidare vilkår om at kvar einskild driftseining, etter nærare avtale, kostnadsfritt må stilla båt, inkludert mannskap til disposisjon for SNO (evt. Fylkesmannen) i eit omfang på 7-10 dagar i løpet av året. Oppgåvene gjeld naturoppsyn etter nærare avtale med SNO lokalt (eigne oppdrag, bistand til SNO-opdrag, eller praktiske skjøtselsoppgåver mv).

I tillegg set me vilkår om at naturoppsyn, så langt som mogleg, vert integrert i den ordinære daglege tenesta, i samråd med lokalt SNO.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvern sjef

Torborg Berge  
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Torborg Berge  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 39  
E-post: fmrotbe@fylkesmannen.no

Kopi til:			
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Jæren friluftsråd	Nikkelveien 4	4313	Sandnes
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Statens naturoppsyn - Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Statens naturoppsyn, Hordaland Kyst	Kaigata 9	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger